

**VEDTEKTER  
for FASTLANDSSAMBAND HALSNØY AS**

**§ 1**

Selskapet sitt navn er *Fastlandssamband Halsnøy AS*

**§ 2**

Selskapet sitt forretningskontor er i Kvinnherad kommune, med forretningsadresse 5454 Sæbøvik.

**§ 3**

Føremålet til selskapet er – etter at Stortinget har godkjent prosjektet Halsnøysambandet – å ta opp og betale ned turvande lån til prosjektet og syte for innkrevjing av bompengar i samsvar med godkjent ordning.

**§ 4**

Selskapet sin aksjekapital er kr. 190.000, fordelt på 190 aksjer kvar pålydande kr. 1000,- fullt innbetalte og lydande på navn. Kvar aksje har ei stemme i selskapet si generalforsamling.

**§ 5**

Selskapet skal ha eit styre på 5 medlemer og 3 varamedlemer.

Styremedlemene med varamedlemer vert valde for 4 år som fylgjer den kommunale/fylkeskommunale valperioden – likevel slik at tenestetida tek til frå første ordinære generalforsamlinga i valperioden.

Styret vert samanset slik:

3 medlemer etter forslag frå Hordaland fylkeskommune

1 medlem etter forslag frå Kvinnherad kommune

1 medlem etter forslag frå Stord kommune

1 varamedlem etter forslag fra Hordaland fylkeskommune

1 varamedlem etter forslag fra Kvinnherad kommune

1 varamedlem etter forslag fra Stord kommune

Generalforsamlinga vel leiari og nestleiari.

Styreleiar skal veljast mellom medlemene som representerer fylkeskommunen.

Valkomiteen skal bestå av fylkesordfører, ordfører i Kvinnherad kommune og ordfører i Stord kommune.

Ordfører i Kvinnherad har ansvar for innkalling av valkomiteen.

**§ 6**

Selskapet sitt firma vert teikna av leiaren i styret saman med 1 styremedlem. Styret kan tildela prokura.

**§ 7**

Aksjar i selskapet kan ikkje overdragast utan etter samtykke frå selskapet sitt styre. For å kunne nekta samtykke, krevst det særlig grunn.

**§ 8**

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad. Innkalling skjer med minst 2 vekers varsel ved vanlig brev til alle aksjonærar med kjend opphaldsstad.

Den ordinære generalforsamlinga skal handsama:

- a. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse, herunder bruk av årsoverskot eller dekking av årsunderskot i samsvar med den fastsette balanse. Det skal ikkje utdelast utbyte til aksjonærane.
- b. Val av styre ved utgått funksjonstid, samt fastsetjing av deira godtgjersle.
- c. Val av revisor ved fråtreing av den forrige, samt kvart år godkjenne revisor si godtgjersle.
- d. Handsama og avgjera saker som er nemde i innkallinga, samt saker nemde i lov og vedtekter.

**§ 9**

Ekstraordinær generalforsamling skal haldast etter vedtak i styret eller etter krav frå andre i samsvar med reglane i aksjelova. Ekstraordinær generalforsamling skal samankallast på same måte som den ordinære generalforsamlinga, men likevel med aksjelovas kortaste frist, og handsamer berre dei saker som er nemde i innkallinga.

**§ 10**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har høve til å føra kontroll med fylkeskommunen sine eigarinteresser.

**§ 11**

For alle tilhøve som ikkje er særskilt regulert i vedtekten, gjeld bestemmelsane i aksjelova.